



Dale grendalag  
v/Svein Gunnar Raknes  
Askelandsvegen 40  
5938 SÆBØVÅGEN

**Dykkar ref.**

**Vår ref.**

12/912-2/ 12/7324/614/LTA

**Dato:**

Manger: 27.06.2012

## LEIGEAVTALE FOR DALE GRENDAHUS FRÅ 1. JANUAR 2012

Vi viser til tidlegare samtalar.

Radøy formannskap handsama framlegg til forlenging av leigeavtalen i møte 24. mai 2012, sak 55/12, og gjorde samrøystes vedtak om å forlenga avtalen i 5 år frå 1. januar 2012.

Avtalen er elles i samsvar med tidlegare avtale.

Vedlagt følgjer utskrift av møteboka frå formannskapet og ny avtale om utleige og tilsyn.

Med helsing

Jarle Landås (sign)  
rådmann

Leif Taule  
Ass. rådmann

# **AVTALE MELLOM RADØY KOMMUNE OG DALE BYGDELAG**

## **OM UTLEIGE OG TILSYN MED DALE GRENDAHUS**

1. Radøy kommune er eigar av Dale grendahus, og kommunen har ansvar for at bygningen er forsikra og betalar forsikringspremien. Kommunen dekkjer også kommunale avgifter.
2. Dale bygdelag står for utleige av forsamlingslokalet m/kjøkken i Dale grendahus.  
Kjellaretasjen vert disponert av Sæbø barnehage så lenge det er trøng for å driva barnehage i bygget. Eventuelle leige av kjellaretasjen må difor godkjennast av styrar i barnehagen.  
Dersom barnehagen flyttar ut, er det Radøy kommune som avgjer kven som vert sett på som prioritert brukar av kjellaretasjen.
3. Dale bygdelag oppnemmer ansvarleg person(ar) som står for utleiga av ovannemnde lokale. Radøy kommune skal til ei kvar tid vita kven desse er.
4. Lag og organisasjonar i Radøy har rett til å bruka Dale grendahus gratis til møte, øvingar o.l., men må då syta for tilfredsstillande reinhald sjølv eventuelt betala for dette. Det same gjeld Radøy kommune sin bruk av huset.
5. Når det gjeld tidlegare biblioteklokale, avgjer Radøy kommune kven som er leigetakar, f.t. er dette Nordhordland Husflidslag. I denne samanheng kan husflidslaget også nytta seg av kjøkken og forsamlingslokale mot tilfredsstillande reinhald.
6. Det skal betalast leige for alle festarrangement sjølv om desse vert skipa til av lag/organisasjon som hører til i Radøy kommune. Unnatak er for Dale bygdelag sine eigne arrangement. Det skal først oversikt over utleige og inntekter som skal oversendast kommunen kvart halvår.
7. Leige for bruk av lokala, jf. pkt. 1, vert kravd inn av Dale bygdelag. Inntekta bør nyttast til inventar og utstyr, til vedlikehald av lokala og til innkjøp av lyspærer, toalettpapir, vaskemiddel o.l. For kvar inntektsgjevande utleige skal det betalast kr 200,- til kommunen for dekking av m.a. oppvarming.
8. Dale bygdelag står ansvarleg for nødvendig tilsyn med grendahuset. Dette gjeld m.a. tilsyn med reinhaldet, ansvar for nøklar og utlån av desse, tilsyn med straumforbruket, tilsyn med bossdunkane og elles førefallande rydding/stell av uteområdet og stell/ ettersyn av blomsterbed og flaggstang. Dale bygdelag gjev melding til kommunen om større skader som måtte oppstå på bygningen.
9. Dale bygdelag syter for flagging på 1. mai, 8. mai, 17. mai og 7. juni.
10. Det vert gjort opp status for tilstanden for bygningen og uteområdet og for inventar og utstyr ved underskriving av avtalen. Kommunen er eigar av utstyr og inventar som tilhører grendahuset pr. 1.1.2001. Inventar/utstyr som er/vert kjøpt inn av bygdelaget, er bygdelaget si eiga.
11. Avtalen mellom Radøy kommune og Dale bygdelag vert med dette forlenga for ein periode på 5 år frå 1. januar 2012 og skal godkjennast av formannskapet. Avtalen kan forlengast når perioden er ute.
12. Dersom kommunen må ta i bruk forsamlingslokalet til kommunale tenester, kan avtalen seiast opp med 1 månads varsel.

Dale,

Manger, 29. juni 2012

Dale bygdelag

Radøy kommune

---

Leigetakar

---

Utleigar